

Hareid kommune v/ordfører
Herøy kommune v/ordfører
Ulstein kommune v/ordfører
Sande kommune v/ordfører
Vanylven kommune v/ordfører
Volda kommune v/ordfører
Ørsta kommune v/ordfører
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS v/dagleg leiar og styreleiar

Vår saksbehandler:
Kurt A. Løvoll

Vår dato:
20.06.2018
Deres dato:

Vår referanse:
Deres referanse:

Invitasjon til forhandlingar om etablering av større revisjonseining

Vi viser til orientering frå styreleiar Johs Aspehaug i Sunnmøre Regionråd IKS 01.06.18 om mogleg etablering av ny revisjonseining.

Representantskapet i Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal gjorde 15.06.18 slikt samrøystes vedtak:

- 1. Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
 - *Jim-Arve Røssvold, ordførar Sula kommune*
 - *Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune*
 - *Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune*
 - *Johs Aspehaug, styreleiar*
 - *Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar*
- 2. Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnerar.*
- 3. Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*

«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadveien 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Telefaks:
70 17 21 51

Bankkonto:
6540 05 00465
Føretaksregisteret:
NO 971 562 587

4. Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.
5. Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.

På vegne av arbeidsgruppa ønsker vi difor å undersøke om det er grunnlag for å invitere til forhandlingar om etablering av ny revisjonseining frå og med 01.01.2020.

Vi legg til grunn at eventuell etablering av/avtale om ein meir robust revisjonseining ikkje skal medføre at arbeidsplassar vert flytta, då lokal kompetanse er viktig i det arbeidet kommunerevisjonen gjer.


Det blir vidare lagt til grunn at målsettingane for å etablere ei ny eining mellom anna er:

- Sterkare fagmiljø med større moglegheiter for fagleg spesialisering
- Redusert sårbarheit/meir robust i høve vakansar, turnover og sjukdom
- Økt attraktivitet som arbeidsgjevar
- Økt moglegheit for erfaringsdeling og kunnskapsoverføring mellom kommunane

Vi ber om tilbakemelding så raskt som mogleg om det på bakgrunn av vedtaket i vårt representantskap er aktuelt å starte forhandlingar om mogleg fusjon. Ved positivt svar ønsker vi å starte slike samtaler rett etter sommarferien.

Tilbakemelding om dette kan sendast til styreleiar Johs Aspehaug (jaa@ovgj.no - 95202464) og/eller konst. dagleg leiar Kurt Løvoll (kurt.lovoll@komrev3.no - 90600168).

Med helsing



Kurt A. Løvoll
konst. dagleg leiar

Kopi: Møre og Romsdal Revisjon IKS